
Saksnr: 2019/82-22
Saksbehandlar: Arild Knapskog

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		11.12.2020

Møteplan for Vestland ungdomsutval 2021

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek det framlagde forslaget til møteplan for året 2021 for utvalet sine møter slik den ligg føre.

Samandrag

Vestland ungdomsutval skal ha minst seks møter kvart år, og utvalet vedtek sin eigen møteplan. For at administrasjonen skal kunne koordinere møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, vert det tilrådd at møteplanen for 2021 vert endeleg fastsett.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Arild Knapskog
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland ungdomsutval er forankra i kommunelova § 5-12.

Det følgjer av Vestland fylkeskommune sitt reglement for medverknadsorgana at ungdomsutvalet skal ha minst seks møter kvart år, og elles etter behov. Vestland ungdomsutval fastset sin eigen møteplan.

For å sikre reell medverknad, tid til å førebu sakene og koordinera møteplan både med dei andre medverknadsorgana og utvala, er det viktig at ein fastset møtedatoar for heile 2021.

Når møteplanen for 2021 skal leggjast er møtedatoane i fylkestinget og hovudutvala eit viktig utgangspunkt. Det vil vere viktig å planlegge møteplan for Vestland ungdomsutval på ein slik måte at ein uttale frå medverknadsorganet i ei særskild sak skal kunne følgje saksgangen hovudutval-fylkesutval-fylkesting, slik at ei eventuell tilråding/uttale kan vere klar før saka vert lagt fram for det politiske organet som skal gjera endeleg vedtak.

Til informasjon følgjer nokon datoar ein bør ta omsyn til når datoar for Vestland ungdomsutval fastsettast:

I fylkestinget vart følgjande datoar vedteke den 29.09.20 (PS 108/20): 10/11. mars, 16/17. juni, 29/30. september, 15/16. desember

Under fylgjer forslag til møteplan for året 2021 for Vestland ungdomsutval:

fredag 29. januar - møtestad Bergen
helgesamling 19.-21. mars - møtestad Skei
mandag 10. mai - videomøte Bergen og Førde/Leikanger
helgesamling 13.-15. august - møtestad Kvalheim Fritid
onsdag 15. september - møtestad Skei
helgesamling 22.-24. oktober - møtestad Bergen
fredag 19. november - møtestad Bergen
laurdag 20.- søndag 21. november - nettverksamling, Bergen

Når det gjeld møtestad er det, slik prosjektleiar vurderer dette i saksframlegget til PS 56/2019 i Fellesnemnda, eit føremålstenleg prinsipp for geografisk spreining av møta i ungdomsutvalet at omlag 50% av møta er i Bergen, 25% er i Førde eller Leikanger, og at 25% er videomøte.

Med tanke på koronasituasjonen vi står ovanfor er det nok også lurt å ta dette med i vurderinga.

Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval fastset sjølv sin eigen møteplan.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Møter i utvalet vert dekkja innafor eige budsjett.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Vestland ungdomsutval vert beden om å fastsetje dato for utvalsmøter og samlingar i 2021.